

Høyringsuttale iht framtidig skulestruktur i Innlandet.

Samaslåinga av Oppland og Hedmark til Innlandet fylkeskommune har langt på veg vorte ei varsle katastrofe for distriktskommunane. Og ikkje minst stikk i strid med «Innlandstrategien» da vi stadig opplev ein agenda som både indirekte og meir konkret jobba for å forringje innovasjon og utvikling i utkantane av fylket.

Forslaget som kom frå fylkeskommunedirektøren om bl.a. å legge ned Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling i Lom vil vera ei skamfull handling som kjem til å ramme lokalsamfunnet hardt. Det blir eit grovt og kollektivt overgrep mot dagens og morgondagens elevar, foreldre, lærarane og mot Region Nord-Gudbrandsdal.

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling i Lom har i fleire tiår vore ein svært viktig institusjon for utdanning og samfunnsutvikling i regionen vår. Skulen har gjeve ungdomane i Lom og Ottadalen ei moglegheit til å få ei god utdanning utan å måtte reise langt heimefrå. Og har i mange situasjonar vorte ein «ny start» og redning for elevar som har «droppa ut» blant anna pga. mistrivsel på andre skular.

Nedlegginga av denne skulen vil føre til at elever dagleg må reise lange avstandar, eller flytta alt for tidleg på hybel for å få tilgang til vidaregåande opplæring, noko som for mange vil skape unødvendig stor belastning og stress for både elever og deira familiar.

Innlandet fylkeskommune hevdar at nedlegginga av Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling i Lom er nødvendig av økonomiske årsaker. Dette er ein utruleg kortsiktig og trongsynt slutning som syner bekymringsfullt manglande omsorg for- og kunnskap om distriktsamfunnet.

Dersom ein elev fell ut frå vidaregåande opplæring kvart år frå vår region pga. lang reiseveg mellom heim og skule, vil det økonomiske reknestykket rakne berre i løpet av få år. Da forsking gjort i forbindelse med koronapandemien, viste at kvar ungdom som fell utanfor kostar samfunnet i snitt 15,9 millionar kroner. Det vil si 47,7 millionar på eit treårig løp. Og å tru at vi får berre ein drop ut pr. år, er dessverre ein «våt draum».

Vi i Bygdalista i Lom kan ikkje akseptere at Innlandet fylkeskommune held fram med å øydeleggje moglegheitene for utdanning og utvikling i Lom og Nord-Gudbrandsdal. Vi krev at Innlandet fylkeskommune sitt politiske nivå nå tek til sunn fornuft i denne saka, og gjer om nedleggingsforslaget, og i staden kjem med eit forslag som jobbar for å styrke og oppretthalde Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule si avdeling her i Lom. Lokalsamfunnet vårt fortener faktisk ei betre behandling heil dette.

Utdanning skal vera ein prioritet, ikkje eit offer for budsjettkutt.

Trond Volden  
For Bygdalista i Lom